



Kvam herad

Kommunal eller privat drift av barnehagar

Økonomiavdelinga
16. februar 2010



www.kvam.no



Bakgrunn

- Budsjettedtak 2010, pkt. 14 b).
 - Kvam heradsstyre ber rådmannen leggja fram oversikt for eit alternativ med privat/offentleg driven barnehage i Øystese, med utbygging for heile behovet i Øystese.
- HST - sak 009/10 i møte 09.02.2010 utsett til 09.03.2010 pga brev frå Trygge barnehagar datert 08.02.2010



Utfordringar

- Kvam herad har høge KOSTRA - tal for barnehagedrift
- Vert det rimelegare for heradet å ha privat drivne barnehagar?
- Kva vert konsekvensane for kommunal drift når store barnehagar vert privatisert?
- Må privatisering av barnehagedrift lysast ut eller kan vi tildela den til kven vi vil?
- Overføring av tilsette til privat aktør





Kommunalt tilskot til private barnehagar

- Rundskriv F-07/2009 frå Kunnskapsdepartementet for utmåling av kommunale tilskot
 - Plikt til å gje minst 85 % av det dei kommunale barnehagane får i samla offentleg støtte, eller
 - kostnadsdekning rekna utifrå den private barnehagen sitt budsjett/rekneskap
 - Kommunen skal velja det alternativet som gjev størst tilskot





Kva er med i berekninga?

- Funksjon 201 - Førskule - basistilbodet
- Funksjon 221 - Førskulelokale og skyss
- Funksjon 211 - Styrka tilbod til førskuleborn
 - Særskilt tilrettelegging, funksjonshemma, minoritetsspråklege mm skal ikkje vera med i berekninga
 - Er kommunalt ansvar som kjem i tillegg til det berekna kommunale tilskotet





Døme Sjydnahaugen

- Kommunal kostnad med privat/offentleg drift:
 - Premissar for utrekninga:
 - Rekneskap 2009 (førebels) for Skjydnahaugen barnehage
 - Årsmelding for Sjydnahaugen pr. 15.12.2009
 - Tilskotssatsar for 2009 basert på rekneskap for 2008 for Kvam herad
 - Nytta Sandven FUS barnehage sitt budsjett for 2010 - korrigerert for talet på barn
 - Mangel på opplysningar gjev usikre svar





Døme Sjydnahaugen

| | |
|--|-------------------|
| 5. Sum kostnader til drift av Sjydnahaugen 2009 | |
| Direkte kostnader funksjon 201, ekskl. mva | 8 902 366 |
| Direkte kostnader funksjon 221, ekskl. mva | 781 308 |
| Indirekte kostnader (påslag for leiing/adm.) *) | 840 363 |
| Sum kostnader | 10 524 037 |
| <i>Finansiering:</i> | |
| Statstilskot | 5 294 885 |
| Foreldrebetaling | 2 089 780 |
| Sum inntekter | 7 384 665 |
| Netto utgift for kommunen | 3 139 372 |

*) Indirekte kostnader forsvinn ikkje ved privatisering





Døme Sjydnahaugen

| | |
|---|------------------|
| Sammenstilling kommunalt tilskot i 2009, basert på barnehagens budsjett *) | |
| A 85% av offentlig finansiering av kommunale barnehager | 2 243 014 |
| B Kostnadsdekning | 3 052 722 |
| Kommunalt tilskot i 2009 **) | 3 052 722 |
| *) Budsjett basert på Sandven FUS barnehage 2010 - mogleg feilkjelde | |
| **) Kommunen må gje det tilskotet som gjev høgast tilskot | |





Investeringsstilskot

- Rundskriv F-04/2009 frå Kunnskapsdepartementet - Investeringsstilskot til nye barnehageplassar
 - Kan gje inntil 3,8 mill. kr. i tilskot
 - Avhengig av tolking av tildelingskriteriar:
 - "Som ny barnehage regnes likevel barnehage som flytter til nye lokaler når de tidligere lokalene er revet eller etter kommunens vurdering var klart uegnet for fortsatt bruk til barnehageformål".





Investeringar på Bjørketeigen

- Premissar for investeringane:
 - Investeringsbeløp 16,0 mill. kr.
 - Investeringstilskot 3,8 mill. kr.
 - Lånebehov 12,2 mill. kr.
 - Avskrivningstid inntil 40 år
 - Kr. 400.000 pr. år
 - Private kan nytta 20 år - kr. 800.000 pr. år
 - Rentesats 6,0 %
 - Kr. 732.000 i år 1.
 - Årsverkskostnad berekna til kr. 400.000,-





Investeringar på Bjørketeigen

Konsekvensar ved kommunal drift:

Tillegg for investeringar på Bjørketeigen:

| | |
|--------------------------------|-----------------------|
| Investeringar | kr. 16.000.000 |
| Investeringstilskot frå Staten | <u>kr. 3.800.000</u> |
| Netto investering | <u>kr. 12.200.000</u> |

Kostnader som påverkar den kommunale drifta:

| | |
|--|----------------------|
| + Rente på investering fråtrekt tilskot (1. året), 6 % | kr. 732.000 |
| + Avskrivningar pr. år (40 år) | <u>kr. 400.000</u> |
| = Sum kostnader | kr. 1.132.000 |
| - Innsparingar 3 årsverk i hht krav (kr. 400' pr. årsverk) | <u>kr. 1.200.000</u> |
| = Netto effekt på drifta, knapp reduksjon | <u>kr. 68.000</u> |

Netto utgift for drift på Bjørketeigen vert såleis om lag 3,1 mill. kr.





Investeringar på Bjørketeigen

Konsekvensar ved privat drift:

| | |
|--|------------------|
| Sammenstilling kommunalt tilskot i 2009, basert på barnehagens budsjett *) - justert for investeringar kr. 16.000.000 | |
| A 85% av offentlig finansiering av kommunale barnehager | 2 243 014 |
| B Kostnadsdekning | 2 984 722 |
| Kommunalt tilskot i 2009 **) | 2 984 722 |

*) Budsjett basert på Sandven FUS barnehage 2010 - mogleg feilkjelde

***) Kommunen må gje det tilskotet som gjev høgast tilskot





Konklusjonar privat/offentleg drift

- o Oppsummering basert på utrekningane:
 - Stor usikkerheit i høve talgrunnlaget då det manglar konkret budsjett frå privat aktør
 - Investeringane er i begge alternativa dekkja inn med innsparingar i antal årsverk
 - Private har driveplikt i 10 år
 - Kommunen har alltid driveplikt
 - Indirekte kostnader for kommunen forsvinn ikkje om private overtek drifta
- o Konklusjon:
 - Det er ingenting som tyder på at det er spesielt rimelegare med privat drift framfor offentleg drift
 - Spørsmålet er kven som er eigar av bygningane til slutt





Lov om offentlege innkjøp

- Dersom private skal driva barnehage på Bjørketeigen, må Lov om offentlege innkjøp følgjast; dvs.
 - Terskelverdi over kr. 500.000
 - Utlysing på Doffin
 - Vil medføra ei utsetjing av oppstart med minst 4-6 månader
 - Kan allereie ha brote reglane for innkjøp ved at ein privat aktør er kontakta





Andre moment

- Innhenta prisar går ut på dato 1.3.2010
 - Nokre har akseptert ei kort utsetjing
 - Utsetjing vil medføra innhenting av nye prisar - utfallet av dette er ikkje kjent.
- Skal Kvam herad delta i anbodskonkurransen?
 - Oppretta kommunalt føretak evt. AS?
 - Vil medføra ytterlegare utsetjing av utbygginga
- Privat aktør har berre 10 års driveplikt
 - Kven sit att med verdiane til slutt?





Tilråding

- Rådmannen tilrår framleis drift i kommunal regi; bl.a. fordi:
 - Korrigerert for indirekte kostnader er truleg offentleg drift rimelegare enn privat drift
 - Unngå utsetjing av investeringa
 - Sikra prisane i mottekne tilbod
 - Unngå å sitja att med berre små og tungdrivne barnehagar
 - Unngå å sitja att med overflødige personar som må omplasserast eller omskulerast
 - Unngå å kjøpa attende eigedomen etter 10 år.

